



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

SAB390

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	03-05-2023 09:00 CEST	<b>Termin:</b>	2023 VÅR
<b>Slutt dato:</b>	15-05-2023 14:00 CEST	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave		
<b>Flowkode:</b>	203 SAB390 1 O 2023 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	323
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	Den tredje deltakeren i relasjonen mellom miljøterapeuten og ungdommen: Makt.
<b>Antall ord *:</b>	7038

Sett hake dersom  Ja  
besvarelsen kan brukes  
som eksempel i  
undervisning?:

Egenerklæring \*:  Ja  
 Nei  
Inneholder besvarelsen  
konfidensielt  
materiale?:

Jeg bekrefter at jeg har  Ja  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
uitnemålet mitt \*:

### Gruppe

**Gruppenavn:** (Anonymisert)  
**Gruppenummer:** 93  
**Andre medlemmer i gruppen:** Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Den tredje deltakaren i relasjonen mellom miljøterapeuten og ungdommen: Makt.

*The Third Participant in the Therapeutic Alliance Between the Milieu Therapist and the Adolescent: Power.*

**Kandidatnummer 323**

Bachelor i Sosialt arbeid  
Fakultet for helse- og sosialfag

Tal ord: 7038  
Innleveringsdato 15.05.23

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Abstract

**Title:** The Third Participant in the Relationship Between the Milieu Therapist and the Adolescent: Power.

**Background for choice of topic:** After two internships, one at the Norwegian Labour and Welfare Organization, and the other in a high school, I quickly knew that milieu therapy is what I wanted to do as a social worker once I had my degree. During my internship at the high school, I got the chance to experience the importance and complexity of the therapeutic alliance with adolescents. After working as a temp at a Child Welfare Institution, I became very aware of a specific aspect of the alliance: The power dynamic. What role does the power dynamic play in the therapeutic alliance? That is what I wanted to explore.

**Thesis statement:** *How does the power dynamic affect the therapeutic alliance between the milieu therapist and the adolescent?*

**Method:** This is a qualitative study with semi-structured interviews and hermeneutic analysis.

**Summary of findings and conclusion:** The milieu therapist's ability to be personable, open, honest and vulnerable in the relationship with the adolescent influences how safe the adolescent will feel in that relationship. It can also make the power imbalance less visible. Feeling safe can also lead to the adolescent opening up and contributing, which can further reduce the feeling of impotence. It is important for the milieu therapist to be aware of its role and the responsibility to care for the adolescent. If both parties are aware of their roles and the laws that are in place, this might make them both safer in the relationship. You could say that the quality of the relationship affects the feeling of impotence in the adolescent, and the feeling of impotence in the adolescent affects the quality of the relationship.

# Innholdsliste

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>s. 1</b>
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	s. 1
1.2 Problemstilling .....	s. 1
1.3 Oppgåva sitt føremål og relevans for sosialt arbeid .....	s. 2
1.4 Oppbygging av oppgåva .....	s. 2
<b>2 Teoretisk grunnlag</b> .....	<b>s. 3</b>
2.1 Omgrepet «makt» .....	s. 3
2.2 Makt i hjelperelasjonen .....	s. 3
2.3 Medverknad, myndiggjering og avmakt .....	s. 4
2.3.1 <i>Medverknad og avmakt</i> .....	s. 4
2.3.2 <i>Myndiggjering og avmakt</i> .....	s. 5
<b>3 Metode</b> .....	<b>s. 5</b>
3.1 Forskingsmetode .....	s. 6
3.1.1 <i>Val av forskingsmetode</i> .....	s. 6
3.1.2 <i>Kvalitativ metode og hermeneutikk</i> .....	s. 6
3.1.3 <i>Forforståing</i> .....	s. 7
3.1.4 <i>Styrker og svakheiter ved metoden</i> .....	s. 7
3.2 Utarbeiding av intervjuguide .....	s. 8
3.3 Val av informantar .....	s. 8
3.4 Gjennomføring av intervju .....	s. 9
3.5 Analyse av intervju .....	s. 9
3.6 Ethiske vurderingar .....	s. 10
3.6.1 <i>Teieplikt</i> .....	s. 10
3.6.2 <i>Truverd</i> .....	s. 10
3.6.3 <i>Forskingsetikk</i> .....	s. 11
<b>4 Funn</b> .....	<b>s. 11</b>
4.1 Makt og det personlege aspektet .....	s. 12
4.2 Makt og omsorgsansvaret .....	s. 12

4.3 Makt og brukarmedverknad .....	s. 13
4.4 Makt, lovverk og tvang .....	s. 14
<b>5 Diskusjon .....</b>	<b>s. 15</b>
5.1 Tilsøring av makta med det personlege aspektet .....	s. 15
5.2 Positiv makt .....	s. 16
5.3 Makt gjennom brukarmedverknad og myndiggjering .....	s. 16
5.4 Kunnskap er makt .....	s. 17
5.5 Endelege refleksjonar kring intervju .....	s. 18
<b>6 Avslutning .....</b>	<b>s. 19</b>
<b>7 Litteraturliste .....</b>	<b>s. 20</b>
<b>8 Vedlegg .....</b>	<b>s. 22</b>
8.1 Informasjonsskriv .....	s. 22
8.2 Samtykkeerklæring .....	s. 24
8.3 Intervjuguide .....	s. 25

# 1 Innleiing

I dette kapitlet legg eg fram korleis eg kom fram til temaet og problemstillinga, kvifor eg meiner dette er relevant for sosialt arbeid, og korleis oppgåva er bygd opp.

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Temaet og problemstillinga i denne oppgåva vart til etter to praksisperiodar undervegs i bachelorprogrammet i sosialt arbeid, og deretter ein tilkallingsvikarjobb på ein barnevernsinstitusjon.

Under andre praksisperioden på 10 veker, var eg praksisstudent hjå ein miljøkoordinator på ein vidaregåande skule med om lag 500 elevar. Ungdommane ved skulen var mellom 15 og 19 år. I denne perioden fekk eg observere korleis miljøkoordinatoren arbeida med ungdommane, og eg fekk arbeide sjølvstendig med å følgje opp og oppsøke elevar. Der oppdaga eg tidleg at ungdommane må ha ein relasjon til deg som person for å oppsøke deg og opne seg for deg i ulike situasjonar. Dermed vart relasjonsbygging første prioritet dei første vekene av praksisperioden. Då dei 10 vekene var over, følte eg at eg akkurat var kome i gang med dei gode relasjonane, og eg kjente på at eg gjerne skulle ha vore der lenger.

Etter denne praksisperioden fekk eg ein tilkallingsvikarjobb på ein barnevernsinstitusjon. I denne jobben fekk eg bekrefte kor viktig relasjonane ein bygger med ungdommane er. På same tid er det noko eg kjenner meir på i arbeidet enn då eg var på vidaregåande, nemleg makt. Å balansere det skeive maktforholdet med det personlege aspektet i den terapeutiske relasjonen, er noko eg opplev som krevjande (Skau, 2016, s. 61). Eg har alltid interessert meg for relasjonar og tilknytning til andre menneske, så det falt naturleg for meg å velje å utforske noko innanfor dette.

## 1.2 Problemstilling

På bakgrunn av dette, kom eg fram til følgjande problemstilling:

*Korleis påverkar maktforhold den terapeutiske relasjonen mellom miljøterapeuten og ungdommen?*

For å svare på denne problemstillinga, har eg i denne oppgåva intervjuet sosionomar og barnevernspedagogar som arbeider som miljøterapeutar på barnevernsinstitusjonar for ungdommar mellom 13 og 18 år, etter kvalitativ metode. Det er dermed denne yrkesgruppa som er i fokus. Ved hjelp av denne metoden ønskte eg å finne ut korleis miljøterapeutane opplev at maktforhold spelar inn på relasjonen mellom seg sjølv og ungdommen. Fokuset er på korleis maktubalansen i den terapeutiske relasjonen kan føre til ei kjensle av avmakt hjå ungdommen, korleis dette påverkar relasjonen og kva ein kan gjere for å redusere avmaktskjensla. Eg tenkjer at kunnskapen frå dette prosjektet kan vere overførbar til miljøterapeutar med andre utdanningar og miljøterapeutar på andre arbeidsplassar.

### **1.3 Oppgåva sitt føremål og relevans for sosialt arbeid**

Føremålet med denne oppgåva er å sjå nærare på maktforholda mellom miljøterapeuten og ungdommen. Eg ønskte å utforske kor bevisste miljøterapeutar er maktforhold mellom seg og ungdommen i miljøterapien, korleis den påverkar relasjonen og relasjonsbygginga, og kva dei gjer med dette. Sidan barnevernsinstitusjonar er ein av mange plassar der mellom anna sosionomar og barnevernspedagogar kan drive sosialt arbeid i form av miljøterapi, så ser eg på dette som ein relevant arbeidsplass å utforske dette på. Sosialt arbeid er hjelpearbeid, der ein skal hjelpe individ eller grupper med å kome ut av vanskelege situasjonar, med andre ord endringsarbeid (Berg et al., 2015, s. 19). Dersom vi veit meir om korleis maktforhold påverkar hjelperelasjonen, vil denne kunnskapen kanskje gjere det lettare for andre miljøterapeutar å byggje sterke og trygge relasjonar til ungdommar i barnevernsinstitusjonar, med bevisstheit kring kva rolle maktforhold spelar. Dette vil igjen kunne føre til eit godt endringsarbeid med ungdommane i barnevernsinstitusjonar, som kan bidra til at flest mogleg ungdommar vert godt førebudd for eit sjølvstendig liv der dei deltek aktivt i samfunnet.

### **1.4 Oppbygging av oppgåva**

Vidare i denne oppgåva legg eg fram det teoretiske grunnlaget for oppgåva, der eg gjer greie for nokre relevante omgrep. Deretter gjer eg greie for metoden som vart nytta og korleis eg har gått fram med arbeidet. Resultata og funna frå dei kvalitative intervjuet vert deretter presentert,



før eg har ein diskusjon og drøfting av desse. Til slutt kjem ei avslutning før litteraturlista og vedlegga.

## **2 Teoretisk grunnlag**

I dette kapitlet legg eg fram det teoretiske grunnlaget for prosjektet.

### **2.1 Omgrepet «makt»**

Omgrepet «makt» vert brukt i mange ulike kontekstar i dagens samfunn og har dermed fått fleire definisjonar. Omgrepet kan omfatte alt ifrå å ha moglegheit til å utføre rein tvang til det å kunne støtte og hjelpe andre (Sjøvold, 2016, s. 31). Definisjonen eg vil gå ut ifrå i dette prosjektet er Max Weber sin definisjon av makt. Weber (2000, s. 51) definerer makt som mennesket eller fleire mennesker sin sjanse til å få gjennom si eiga vilje, sjølv om det skulle møte motstand frå andre. Det handlar altså om moglegheitene til å kunne påverke eller ha innflyting på val som vert tatt, slik at ein får gjennom sine eigne interesser, til og med når andre eventuelt er ueinige. Samtidig som både bruk av makt potensielt kan føre til skade, kan makt vere nødvendig for å hjelpe (Skau, 2016, s. 32). Makt kan kome til uttrykk ved å bli utøvd direkte eller indirekte (Engelstad, 2005, s. 24-25). Eit døme på direkte makt er å nytte fysisk makt og tvang etter barnevernsloven §§ 10-7 i enkelte situasjonar (Barnevernsloven, 2023, § 10-7). Indirekte måtar ein utøver makt på, er til dømes reglane på ein barnevernsinstitusjon, korleis den er innreda og kva forventningar ein har til ungdommane som bur der. Skau (2016) argumenterer at det er ein grunnleggjande mangel på likeverd i ein hjelper-klient relasjon, og at det er klienten (i dette tilfellet ungdommen) som i størst grad vil oppleve makt- og kontrollaspektet som ubalansert (s. 61, 76).

### **2.2 Makt i hjelperelasjonen**

Skau (2016) skriv at alle relasjonar mellom menneske er til ein kvar tid prega av makt og avhengigheit (s. 37-39). Relasjonen mellom miljøterapeut og ungdom, som òg vert kalla den terapeutiske hjelperelasjonen eller den terapeutiske alliansen, er ikkje noko unntak (Røkenes &

Hanssen, 2012, s. 18-21). Relasjonar er noko som føregår mellom individ i alle samhandlingar, både i privatlivet og i profesjonell samheng mellom sosialarbeidar og brukar (Levin & Ellingsen, 2015, s 112-113). Eit av måla til sosialarbeidarar er å få samhandlinga med brukaren til å vere prega av tryggleik, openheit og tillit, slik at ein fremjer sjølvstende. Dette gjer dei ved å arbeide i, med og gjennom relasjonar, sidan alt sosialt arbeid vert sett på i ein sosial samheng, relasjonen vert brukt som eit forsøk på å forstå og å påverke til positiv endring hjå brukaren, og fordi relasjonen mellom sosialarbeidar og brukar i seg sjølv er ein del av arbeidet.

Miljøterapeuten høyrer til eit hjelpeapparat og har difor mest makt og relativt størst sjanse for å få gjennomslag for det den meiner er rett i relasjonen med ungdommen. Makta miljøterapeuten utøver kan føre til positive resultat dersom den vert brukt forsvarleg og bevisst. Målet i miljøterapi er å oppnå det Rowlands (1997) kallar «makt saman med» i staden for «makt over» (sitert i Askheim, 2012, s. 80). Dette går ut på at når ein har interesse- eller verdikonfliktar, skal ein finne ein felles plattform slik at ein kan ha makt saman med ungdommen. Dette er føretrekt over det å ha makt over ungdommen ved å presse gjennom sine egne interesser. Ein prøver dermed å oppnå at begge partar kan medverke til å finne ei god løysing ved at begge har same oppfatning av kva som er målet og begge får bidra. Løysinga i slike tilfelle vil vere vinn-vinn for begge parter, noko Sjøvold (2016) kallar positiv makt (s. 35-36).

## **2.3 Medverknad, myndiggjering og avmakt**

I dette prosjektet er det enkelte former for makt, samt tiltak for å redusere makt og kjensle av avmakt, som kjem meir tydeleg fram enn andre; medverknad, myndiggjering og avmakt. Desse omgrepa vert forklarte i dette delkapittelet.

### *2.3.1 Medverknad og avmakt*

Medverknad er når ungdommen får delta i si eiga sak ved å få lov eller hjelp til å utrykke sine meiningar, tankar, behov og ønsker, og den viktigaste faktoren for ein god medverknadsprosess er ein god relasjon mellom terapeuten og ungdommen (Paulsen, 2022, s. 17, 81). Når ungdommar skal medverke, møter dei fleire utfordringar enn det vaksne gjer (Olsen et al., 2019,

s. 27-28). Ungdommar under 18 år er ikkje myndige, og har dermed mindre makt over sitt eige liv enn kva vaksne har. Ungdommar som bur på barnevernsinstitusjon møter fagpersonar som til dømes miljøterapeutar med høgare utdanning og gjerne lenger erfaring i feltet og systemet, medan dei sjølv mest sannsynleg har meir begrensa kunnskap om dette. Ungdommane er heller ikkje nødvendigvis på institusjonen frivillig, medan miljøterapeuten er der frivillig og får betalt for det. Terapeutane spelar dermed på heimebane, medan ungdommane spelar på bortebane (Skau, 2016, s. 67). Dette kan skape ein avstand mellom miljøterapeutane og ungdommane og gi ei auka kjensle av avmakt hjå ungdommane. Avmakt er ein tilstand der ein opplev at behova eller forventningane ein har ikkje kan oppfyllest, og/eller at ein vert hindra i å gjere noko ein vil (Isdal, 2018, s. 109). Tilstanden kan kjenneteiknast av mangel på kontroll, innflyting og tryggleik, og at ein opplev å ikkje bli høyrst, sett og forstått.

### *2.3.2 Myndiggjering og avmakt*

Når ein snakkar om makt og brukarmedverknad, kan det vere naturleg å dra inn omgrepet «empowerment», eller «myndiggjering» på norsk. Myndiggjering er eit forsøk på å utlikne makta mellom miljøterapeuten og ungdommen, og kan vere med på å redusere kjensla av avmakt hjå ungdommen (Leraand, 2018, s. 63). Myndiggjering går ut på at ungdommen får auka kontroll og moglegheit for meistring ved at ein overfører noko av makta frå miljøterapeuten til ungdommen. Medverknad er det vanlegaste verkemiddelet for myndiggjering, som er når den som står svakest i relasjonen, som i dette tilfellet er ungdommen, får vere med på å bestemme (Olsen et al., 2019, s. 16). For å legge til rette for slik medverknad vert det heilt sentralt å ta omsyn til makt og korleis dette påverkar relasjonen til miljøterapeuten og ungdommen (Paulsen, 2022, s. 84).

## **3 Metode**

I dette kapittelet legg eg fram korleis eg valde forskingsmetode og gjer greie for denne metoden. Eg beskriv korleis eg gjekk fram i prosjektet og reflekterer deretter over etiske vurderingar eg tok omsyn til undervegs.

## 3.1 Forskingsmetode

I dette delkapittelet går eg inn på forskingsmetoden som er nytta i dette prosjektet, nemleg kvalitativ metode. Eg legg her fram kvifor eg valde denne metoden og korleis eg gjekk fram.

### 3.1.1 Val av forskingsmetode

Når eg skulle velje forskingsmetode måtte eg først ta omsyn til kva eg ønska å finne ut i dette prosjektet. Forskingsmetode gir klare føringar for korleis ein skal gå fram med å undersøke eit tema, og det er difor viktig å reflektere rundt og velje metode med omhu (Brottveit, 2018c, s. 88). Eg tenkjer at kvalitativ metode og herunder kvalitative intervju gir flest moglegheiter for å utforske kompleksiteten og nyansane i relasjonen mellom miljøterapeutane og ungdommane på institusjon. Sidan føremålet med denne oppgåva er å få ei djupare innsikt i korleis makt påverkar relasjonen mellom miljøterapeut og ungdom, ønsker eg å utforske miljøterapeutar sine subjektive opplevingar og erfaringar rundt temaet. Eg har difor vurdert at det er kvalitativ forskingsmetode som eignar seg best. Eg vurderte å gjennomføre litteraturstudie, men eg kom fram til at djupneintervju er den mest hensiktsmessige måten å tilnærme seg noko så komplekst som makt i relasjon. Dette fordi ein i djupneintervju har moglegheit til å skaffe primærdata og sikre seg at ein har forstått det informantane seier riktig undervegs.

### 3.1.2 Kvalitativ metode og hermeneutikk

Kvalitativ forskingsmetode har forankring i hermeneutisk vitskapssyn, som er ein tolkande vitskap (Brottveit, 2018a, s. 32-36). Den handlar om å innhente materiale, for så å bearbeide det via tolking. Målet er å utforske og forstå den enkelte sitt synspunkt og forklare sosiale fenomen i den heilskapen dei er ein del av. Kvalitative intervju utgjer eit møte mellom forskar og informant der ein ønsker å kome i djupna på eit bestemt tema (Brottveit, 2018c, s. 89-92). Kvalitative intervju kan delast inn i fire hovudgrupper; gruppe- og fokusintervju, strukturerte intervju, halvstrukturerte intervju og ustrukturerte intervju. Eg bestemte meg for å nytte halvstrukturerte intervju i dette prosjektet. Eg utarbeida ein intervjuguide med fastlagte spørsmål som skulle stillast til alle informantane, men i motsetnad til strukturerte intervju stod

eg med halvstrukturerte intervju friare til å endre på rekkefølga og formuleringa av spørsmåla. Eg kunne òg stille oppfølgings spørsmål som dukka opp undervegs.

### *3.1.3 Forforståing*

Det å nytte seg av tolking av det nokon andre fortel om ei subjektiv oppleving, byr på mange utfordringar, då det er mange variablar og usikre moment. Eg kjem inn i dette prosjektet med mi forforståing, som består av mine forutsetningar, haldningar og forventningar (Brottveit, 2018a, s. 35). Forutsetningane kan vere basert på teori, kunnskap og/eller erfaring. Dette kan påverke resultatet dersom eg ikkje er bevisst dei og ikkje tar dei med i betraktning undervegs i heile prosessen. Målet er å vere bevisst mi eiga forforståing slik at eg kan forhalde meg så nøytral som råd og nytte teorien, kunnskapen og erfaringa i tråd med metoden. Det er òg viktig å legge fram kva mi forforståing er, slik at lesaren veit kva grunnlag eg har tolka dataa ut ifrå.

Eg har som nemnt sjølv arbeida noko på barnevernsinstitusjon, og eg har difor nokre eigne tankar om korleis makt påverkar relasjonen mellom miljøterapeuten og ungdommen. Desse tankane og meiningane måtte eg vere veldig bevisst på når eg intervjuar informantane og når eg tolka svara, slik at dei ikkje påverka informanten eller mi tolking av svara. På same tid kan min kunnskap om barnevernsinstitusjon vere ei styrke for oppgåva, då konteksten spelar ei viktig rolle i tolkingsarbeidet i hermeneutikken, og eg kjenner noko av konteksten i barnevernsinstitusjonar (Brottveit, 2018a, s.34). Mitt synspunkt vert samtidig påverka av at eg no har tatt ein bachelorgrad i sosialt arbeid, der eg har lært om mellom anna relasjonsbygging, kommunikasjon, lovverk og etikk. Alt dette er kunnskap, teori og erfaring som eg tar med meg inn i prosjektet og må vere bevisst på, slik at eg nyttar kunnskapen på ein forsvarleg og etisk måte i samsvar med metoden.

### *3.1.4 Styrker og svakheiter ved metoden*

Kvalitative intervju er sjeldan like, så det kan vere at svara ikkje kan samanliknast. Spesielt når det ikkje er snakk om strukturerte intervju og intervjuar vert meir som ein samtale. Dette prøvde eg å løyse ved å utarbeide ein intervjuguide med like spørsmål til alle, inkludert kva type oppfølgings spørsmål eg skulle stille. Dette var òg eit tiltak eg nytta for å redusere bruken av

leiane spørsmål, som er spørsmål der det kjem tydeleg fram kva svar ein er ute etter. For å sikre meg at eg fekk informantane sine eigne, individuelle tankar og refleksjonar, nytta eg dermed oppfølgingsspørsmål som «Kan du fortelje litt meir om...?» og «Forstår eg deg riktig når...?» når eg gjekk utanom dei oppfølgingsspørsmåla som var i intervjuguiden.

Dette forskingsprosjektet er ikkje meldepliktig til Kunnskapssektorens tjenesteleverandør (Sikt), då eg ikkje handsama personopplysingar (Sikt, u.å.). Eg kunne dermed ikkje ta lydopptak, som gjorde at eg måtte ta notat undervegs i intervjuet for å få ned så mykje som mogleg av det informantane fortalte, slik at det vart mest mogleg riktig gjengitt. Eg måtte med andre ord gjere fleire ting på same tid under intervjuet.

Sidan dataa eg samla inn er dei subjektive opplevingane og erfaringane til enkeltindivid, kan dette ikkje sjåast på som eksakte eller objektive funn (Brottveit, 2018b, s. 68). Resultata kan heller ikkje generaliserast, då temaet er komplekst og utvalet av informantar er svært begrensa. Det resultatata kan brukast til, er å bli reflektert over i lys av relevant teori og mi eiga forforståing, i forsøk på å formidle denne kunnskapen på ein ny måte for å bidra til ei betre forståing av makt i relasjonar (Brottveit, 2018a, s. 34). Deretter kan resultatata frå dette prosjektet kanskje bidra til vidare forskning på området.

### **3.2 Utarbeiding av intervjuguide**

Sjølv om ein i halvstrukturete intervju har eit friare forhold til intervjuguiden, var det viktig å ha den godt utarbeida, for å sikre at eg var innom alle spørsmåla med kvar informant. Eg valde å ha med nokre bakgrunnsspørsmål som ikkje kan identifisere informanten, for å ha ein mjuk start på intervjuet, før vi gjekk vidare på spørsmåla om makt i relasjon (Sjå vedlegg 8.3 Intervjuguide). Fokuset mitt var å gi intervjuet eit preg av ein samtale der eg ikkje var styrande. Eg laga difor opne spørsmål som gav rom for samtale rundt temaa og oppfølgingsspørsmål alt etter kva informanten svarte.

### **3.3 Val av informantar**

Eg vurderte at tre informantar ville vere stort nok utval til å dekke behovet til ei bacheloroppgåve av denne storleiken. Sidan makt og relasjon er to relativt omfattande omgrep,

valde eg å begrense tal informantar og heller gå meir i djupna med kvar informant i intervju. For å skaffe informantar tok eg først kontakt med avdelingsleiaren ved ein barnevernsinstitusjon og spurte om det var nokon som jobba der som den tenkte kunne vere aktuelle informantar til dette prosjektet. Etter nokre dagar kom leiaren med spørsmålet til meg om det måtte vere sosionomar, eller om det òg kunne vere barnevernspedagogar, sidan det ikkje arbeida så mange sosionomar på denne institusjonen. Her tok eg ei fagleg vurdering av at barnevernspedagog- og sosionomutdanninga er såpass lik, og arbeidsoppgåvene og tilnærminga til ungdommane er såpass like, at det ikkje var nødvendig at det berre var sosionomar. Både barnevernspedagogar og sosionomar utfører sosialt arbeid som miljøterapeutar på barnevernsinstitusjonar. Informantane er difor ei samansetning av éin sosionom og to barnevernspedagogar og arbeider alle ved same barnevernsinstitusjon. Informantane har varierende grad av erfaring med å arbeide på barnevernsinstitusjon. Den eine informanten har jobba på institusjon i 6 månader, medan ein av dei andre har jobba i nesten 10 år på institusjon. Dette meiner eg er ein styrke for prosjektet, sidan ein får opplevingane til ein som er ny i arbeidet og ein som har stått i det ei stund.

### **3.4 Gjennomføring av intervju**

Intervjua vart gjennomførte ansikt til ansikt, med éin informant om gongen. Det var 3 informantar totalt som vart intervju, og intervju fann stad på barnevernsinstitusjonen der miljøterapeutane arbeider. Alle informantane deltok frivillig. I starten fekk kvar informant utdelt eit informasjonsskriv som vart lest høgt for dei i forkant av intervjuet (Sjå vedlegg 8.1 Informasjonsskriv). Dei fekk både skriftleg og muntleg informasjon om at dei kan trekke samtykket sitt til einkvar tid utan å oppgi grunn. Deretter spurte eg om dei samtykka til å delta i prosjektet, noko dei gav muntleg bekrefting på (Sjå vedlegg 8.2 Samtykkeerklæring). Intervjua varte mellom 30 og 45 minutt.

### **3.5 Analyse av intervju**

I analysen av intervju, som føregår i diskusjonsdelen av denne bacheloroppgåva, skal eg tolke kva informantane formidlar, i staden for å berre gjengi det, jamfør hermeneutisk metodologi. I denne delen av oppgåva er det viktig å få fram både den eksplisitte og implisitte budskapen i

det som vart formidla i intervjuet (Brottveit, 2018d, s. 136). Det er særst viktig at eg er bevisst og open om mi eiga forforståing, slik at eg og lesaren veit kva kontekst dataa vert tolka i.

### **3.6 Ethiske vurderingar**

I alle forskingsprosjekt er det mange etiske vurderingar å ta omsyn til. I dette delkapittelet går eg inn på dei etiske vurderingane eg tok ekstra omsyn til undervegs i prosjektet.

#### *3.6.1 Teieplikt*

Dette prosjektet var ikkje meldepliktig til Sikt, då det ikkje vart samla inn personleg informasjon eller noko informasjon som vil kunne føre til identifisering av informantane. Det var difor svært viktig å ikkje notere ned informasjon av denne typen, samt unngå spørsmål som kan vise til kva for ein barnevernsinstitusjon dei jobbar ved, kven dei er og kvar dei bur. Alle informantane vart informerte om dette i forkant av intervjuet.

#### *3.6.2 Truverd*

Når ein skriv ei bacheloroppgåve, er det mykje å ta omsyn til. For at forskinga skal vere så påliteleg som mogleg, så gjer eg rede for heile prosessen – før, under og etter gjennomføringa av intervjua og innsamling av data. Forskinga si pålitelegheit vert òg kalla reliabilitet (Brottveit, 2018d, s. 142-143). For å gjere forskinga så påliteleg som mogleg og resultata så truverdige som mogleg, så er det difor viktig at eg er bevisst mi eiga forforståing og formidlar dette til lesaren. Når dette vert lagt tydeleg fram for lesaren, vil lesaren av oppgåva ha høve til å sjølv vurdere om resultata er pålitelege eller ikkje. Dette heng saman med validiteten til prosjektet. Validiteten seier noko om i kor stor grad dataa i prosjektet belyser det problemstillinga spør om. Validiteten seier òg om ein har fått gyldig og relevant kunnskap, om ein har stilt dei rette spørsmåla og om ein har lagt fram grunnlaget for tolkinga av dataen. Når det gjeld intervju, så er resultata sjeldan like, sidan alle personar er ulike og kvar samhandling og kvart intervju dermed blir unikt. Dette gjer det vanskeleg å eventuelt etterprøve forskinga. Å gjere greie for alt dette heng saman med ein av dei etiske verdiane som Fellesorganisasjonen legg fram i sitt



yrkesetiske grunnlagsdokument; tillit, openheit og redelegheit (Fellesorganisasjonen, u.å., s. 5). Dette er verdiar som mellom anna sosionomar og sosionomstudentar må forplikte seg til i sitt arbeid.

### *3.6.3 Forskingsetikk*

Når ein skal forske på ei problemstilling, så er det visse forskningsetiske krav ein må ta omsyn til. I rolla som forskar må eg ta stilling til dei forskningsetiske retningslinjene gitt av Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH). I dei forskningsetiske retningslinjene for samsunnsvitenskap og humaniora, står det at det mest grunnleggjande i forskinga, som ein ikkje kan vike frå på noko tidspunkt, er sanningsnormen (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2021, s. 5). Sanningsnormen går ut på at forskinga si kvalitet og pålitelegheit er avhengig av at ein søker etter sanninga og forplikter seg til å vere open og ærleg gjennom heile prosessen. Det er viktig å halde seg så uavhengig, kritisk og objektiv som råd. Det er òg viktig å forplikte seg til dei overordna metodologiske normene, som saklegheit, klarheit og etterprøvbarheit. I dei tilfella der det ikkje er så lett å etterprøve eit prosjekt, som til dømes når ein gjennomfører kvalitative intervju, så er det viktig å gjere rede for kvifor ein har valgt den framgangsmåten ein har, og korleis ein kom fram til resultatet.

## **4 Funn**

I dette kapitlet presenterer eg funna frå dei kvalitative intervju. Sidan resultata av intervju skal vere anonymiserte, har eg gitt informantane dei fiktive namna Steinar, Jakob og Endre, for å lettare skilje dei frå ein annan. Undervegs i intervjuprosessen og i gjennomgangen av notata i etterkant, så opplevde eg at det var fire tema som informantane var særleg opptekne av og som alle var innom. Eg presenterer difor funna tematisk. Desse temaa er det personlege aspektet, omsorgsansvar, brukarmedverknad, og lovverk og tvang. Eg har i nokre sitat lagt til ei avklaring i klammer [som dette], slik at det vert tydeleg kva konteksten kring det vi snakka om er.

## 4.1 Makt og det personlege aspektet

Når spurt om kor viktig relasjon er i miljøterapi, svarte alle informantane at det er veldig viktig og gjekk nærmare inn på dette utan oppfølgingsspørsmål. Jakob svarte: «Relasjon er heilt sentralt i arbeid med ungdom.» Både Steinar og Jakob trakk fram noko dei hadde lært på studiet som dei kjente igjen i arbeidet sitt; nemleg at dei jobbar i, med og gjennom relasjonane. Dei same informantane påpeika at for å bygge ein god relasjon, må ein gi av seg sjølv som person. Dei utdjupa dette med at ein må tørre å by på seg sjølv, vere ærleg, open og sårbar i relasjonen med ungdommen. Steinar sa at dette var den beste måten å kome «bak muren» til ungdommen på, og at det er viktig for å få ungdommen til å ville dele sine tankar og meiningar, i motsetnad til å føle at den må dele. Det å ville medverke meinte han kunne redusere ungdommen sin kjensle av avmakt, noko Steinar sa var lettare å oppnå dersom ein har ein god relasjon.

Når Jakob vart spurt om maktforholda i relasjonen med ungdommen er synlege eller tilslørte, svarte han at han ikkje ønsker at makta skal vere særleg synleg i starten av relasjonsbygginga, for å lettare få danna ein god og trygg relasjon. Steinar og Endre trakk fram at når ein har ein dårleg relasjon til ein ungdom, så vil arbeidet bli vanskelegare. Steinar sa:

Dårleg relasjon vil føre til at det blir vanskeleg å ha ein god dialog. Då vil dei [ungdommane] kjenne meir på avmakt. Personale som har god relasjon, då vil ungdommen kunne snakke lettare og føle at den medvirker og bidrar. Dette kan dempe følelsen av maktubalanse.

Steinar sa vidare at ein ikkje vil få like gode relasjonar til alle ungdommar, då alle har ulik personlegdom og det personlege aspektet spelar ei så stor rolle i relasjonsbygging.

## 4.2 Makt og omsorgsansvaret

Alle informantane trakk fram under intervjuet at makt kan vere positivt og nødvendig. Dei sa at personalet må ha ei viss makt, fordi dei har eit omsorgsansvar for ungdommane. Som Jakob sa: «Nokre av ungdommane har kanskje behov for fleire rammer. Då er makta noko positivt. Fordi makt er eit godt hjelpemiddel for å halde på rammene for ungdommen si utvikling.» Om dette sa Steinar: «Vi tar makta fordi det er det ungdommen trenger.» På same tid tenkjer Steinar at ungdommen av og til kan oppfatte omsorgen deira som maktutøving. Steinar kom med eit

døme, som er når han skal inn på rommet til ungdommen og vekke den, av og til fleire gonger, for å prøve å få ungdommen til å stå opp. Dette kan verke inngripande av ungdommen, medan Steinar gjer dette av omsorg, sidan han ønsker at ungdommen til dømes skal ha god døgnrytme, få i seg mat eller kome seg på skule eller dagtilbod. Steinar nemnte at dersom ein har ein god relasjon til ungdommen, så vil dette gjere det lettare for ungdommen å gi beskjed om kva den synast er greit og ikkje greit. På den andre sida, dersom det er nokon ungdommen har ein dårleg relasjon til, så kan ei handling lettare kjennast på som eit inngrep, og det vil vere vanskelegare for ungdommen å gi beskjed om det.

Når spurt om dei opplev maktforhold mellom seg sjølv og ungdommen som balansert eller ubalansert, svarte alle informantane at dei ikkje meinte at målet nødvendigvis skulle vere at det var heilt balansert. Jakob trakk fram at miljøterapeutane på barnevernsinstitusjonen får eit oppdrag frå Barnevernet. Ungdommane har blitt plasserte der og miljøterapeutane har som arbeid å drive endringsarbeid for at dei skal ha ei positiv utvikling. Endre sa at miljøterapeutane får ei slags oppdragelsesrolle: «[...] og oppdragelsesrolla vil alltid ha litt meir makt.» For å drive dette endringsarbeidet må ein i nokre tilfelle utøve makt, men då er det ekstra viktig med brukarmedverknad frå ungdommen. Jakob poengterte: «Eg kunne hatt ein mykje betre relasjon viss desse rammene ikkje hadde vore der. Men eg hadde ikkje hatt ein relasjon der eg kunne ha jobba endringsarbeid gjennom. Der er maktforholdet viktig.» Jakob sa vidare at mykje av endringsarbeidet baserer seg på tillit, noko han reknar som ein av kjerneingrediensane i ein god relasjon. Han sa vidare at ein må vere bevisst omsorgsansvaret, sidan ein «kompisrelasjon» kan kome i vegen for omsorgsansvaret og endringsarbeidet. Han sa òg at rammene og reglane er viktige, og dei må ha makta til å sette grenser, men dei må vere bevisst på korleis dei formidlar det til ungdommane.

### **4.3 Makt og brukarmedverknad**

Noko som framstod som særleg viktig for informantane i alle intervju, var brukarmedverknad. Særleg på spørsmålet om kva dei gjer for å redusere sjansen for maktmisbruk, så drog informantane fram kor viktig brukarmedverknad er, og at ungdommen sin stemme skal bli høyrte i alt som gjeld ungdommen. Endre sa: «Ungdommane må føle at dei blir høyrte og få svar på det dei lurar på.»

Steinar: «Eg jobber ut ifrå det som er mine rammer, og vi gjer det vi kan for at ungdommane

skal kunne medvirke.» Steinar sa at for å få ungdommane til å ville dele tankane, meiningane og behova sine, må dei føle seg komfortable og trygge ilag med terapeuten. Då vil det vere lettare å få fram ungdommen sin stemme og dermed få til god brukarmedverknad.

#### **4.4 Makt, lovverk og tvang**

Når ein snakkar om makt og maktutøving, kan det vere naturleg å kome inn på kva rettigheter ein har og kva lover ein arbeider etter. Alle tre informantane drog fram dette og verka svært klare på at det er lovverk som regulerer kva dei har lov å gjere på institusjonen, særleg barnevernsloven. Eg oppfattar alle som veldig bevisste på kva lover, reglar og rammeverk dei jobbar innafor, og dei sa at dette er noko dei har med seg kvar dag. Jakob sa dette om kva som er lovleg maktbruk og kva som er maktmisbruk i arbeidet sitt:

Barn og ungdom har rett på sin personlege integritet. Lova gir oss anledning til å trække over den integriteten der det er hensiktsmessig, som [barnevernsloven] §§ 10-3 og 10-7. Når man utøver meir makt enn nødvendig, då er det maktmisbruk.

Steinar har sjølv oppleve å måtte nytte fysisk tvang og makt i form av fysisk kontroll, altså at han måtte halde fast ein ungdom. På oppfølgingsspørsmål om dette påverka relasjonen hans med ungdommen på nokon måte, svarte han at han opplevde at det styrka relasjonen deira. I følgje Steinar sa ungdommen til han i etterkant: «Eg har aldri opplevd at noken har sett meg og høyr meg sånn.» Han sa vidare at det at dei hadde ein god relasjon frå før, hadde alt å seie for at relasjonen vart sterkare etter hendinga. Han opplevde òg at det var hjelpsam å få ein god gjennomgang av det som skjedde i etterkant med ungdommen. I følgje Steinar sa ungdommen òg til han i etterkant: «Det var bra det var du som var der.»

Jakob sa at ved å øve på tryggleik og sikkerheit kvar veke på møte med kollegaer og ved å jamnleg gå gjennom lovverket, så føler han seg trygg på kva han har lov til å gjere. Denne kunnskapen vil kunne redusere maktmisbruk og gjere han trygg i sine relasjonar med ungdommane. Vidare vil den hjelpe han å kunne formidle tydeleg til ungdommen kva rammer og reglar som gjeld for den, noko som kan gjere den tryggare. Jakob sa: «Makta må vere avklart. Dei må vere informert om kva rammer vi har her, for å kunne skape ein trygg relasjon.» For å kunne avklare dette, må ein ha kunnskap om kva lover og reglar som er gjeldande.

## 5 Diskusjon

I dette kapittelet tolkar og drøfter eg funna frå intervjua og samanliknar dei med, og ser dei i lys av, relevant teori.

### 5.1 Tilsøring av makta med det personlege aspektet

Samtlege informantar påpeika at ein god relasjon er veldig viktig i arbeidet som miljøterapeut. Ein god relasjon kjenneteiknast av at ungdommen føler seg komfortabel med å vere seg sjølv og opne seg for terapeuten (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 18-21). For å oppnå dette, er det viktig at ungdommen opplev miljøterapeuten som open, ærleg og ekte. I ein god relasjon føler ungdommen at den er god nok som den er og at den trygt kan uttrykke seg. Dette kom fram i svara til informantane, som vidare påpeika at relasjonen er sjølv grunnlaget for det miljøterapeutiske arbeidet, då dei jobbar i, med og gjennom relasjonane. Det vert vanskelegare å bygge ein slik god relasjon dersom ungdommen kjenner veldig på avmakt og at den ikkje har noko den skulle ha sagt. For å oppnå ein god relasjon trass det faktum at miljøterapeuten i si rolle har meir makt enn ungdommen, seier informantane at man må by på seg sjølv, vere ærleg med ungdommen og bruke personlege eigenskapar så vel som fagleg kunnskap som til dømes relasjonskompetanse.

Jakob ønsker at makta skal vere minst mogleg synleg når ein skal bygge relasjon til ungdommen, slik at relasjonen kan bli trygg. På same tid trakk han fram viktigheita av at ungdommane veit kva rammer terapeutane jobbar innanfor på institusjonen og kva som er reglane for ungdommane. Dette kalla Jakob å «avklare makta» og sa vidare at det er viktig for å kunne skape tryggleik i relasjonen. Dette tolkar eg som at det er viktig at ungdommane er klare over kva makt terapeutane har og kva reglane er på institusjonen, sånn at dei kan føle seg trygge, men at maktskilnaden ikkje skal vere særleg synleg når ein bygger relasjon med ungdommane. Eg tolkar dette vidare som at terapeutane opplev at ei svært synleg maktskilnad kan hindre bygginga av ein god og trygg relasjon. Ein måte å løyse dette på, kan vere at ein i relasjonsbygginga får fram det personlege aspektet i større grad og kanskje tilsører makta i dag-til-dag samhandling.

## 5.2 Positiv makt

Alle informantane nemnte under intervjuet at det er viktig å hugse på at ungdommane er plasserte på barnevernsinstitusjonen av Barnevernet. Det er med andre ord ikkje nødvendigvis slik at ungdommane ønsker å vere der. Terapeutane derimot, er der av fri vilje og får betalt for det. Eg oppfatta at informantane meinte at dette sette ungdommane i ein tydeleg avmaktsposisjon frå starten av, sidan dei brukte ordet «plassert», noko som indikerer at ungdommane ikkje hadde så mykje dei skulle ha sagt. Ungdommane er plasserte på institusjonen av ein grunn, og det er kanskje difor nødvendig med klare rammer for at dei skal føle seg trygge og ha ei positiv utvikling, som Steinar og Jakob poengterte. Dette gir terapeutane eit ansvar for å hjelpe ungdommen ved å gi nødvendig omsorg og legge forholda til rette for at ungdommen i størst mogleg grad kan utvikle seg positivt fysisk, psykisk og sosialt i endringsarbeidet (Levin & Ellingsen, 2015, s. 112-113). Sidan informantane nemnte at arbeidet med ungdommen skjer i, med og gjennom relasjonar, tolkar eg dette som at terapeutane nyttar relasjonane til å hjelpe ungdommane å bli meir myndiggjorte og kjenne mindre på avmakt (Leraand, 2018, s. 63). Dei vil då kunne redusere ungdommen si kjensle av avmakt gjennom omsorg og relasjonsarbeid.

Samtidig som bruk av makt potensielt kan føre til skade, kan makt òg vere nødvendig for å hjelpe (Skau, 2016, s. 32). Alle informantane nemnte at for å kunne gi omsorg, så må dei ha ein viss makt, og målet er difor ikkje at maktforholda mellom terapeut og ungdom skal vere heilt utlikna. Å ha makt gir miljøterapeutane moglegheit til å støtte, hjelpe og påverke, slik at ungdommane kan vakse i ein positiv retning, altså positiv makt (Sjøvold, 2016, s. 35-36). Den andre sida av dette er negativ makt, som til dømes unødvendig bruk av tvang. Gitt at det er utøvinga og resultatet av makta som bestemmer om den er positiv eller negativ, så er det viktig å vere bevisst maktrolla ein har som miljøterapeut. Dette vil hjelpe miljøterapeutar å utøve positiv makt på ein forsvarleg, profesjonell og etisk måte, noko som er nødvendig for å hindre maktmisbruk og yte best mogleg hjelp og omsorg til ungdommen.

## 5.3 Makt gjennom brukarmedverknad og myndiggjering

Når ein snakkar om makt og brukarmedverknad, kan det vere naturleg å dra inn omgrepet myndiggjering. Informantane nemnte ikkje desse omgrepa direkte, men eg opplevde at dei

snakka om dette til dømes då dei snakka om brukarmedverknad og korleis det kan redusere kjensla av avmakt hjå ungdommen.

Samtlege informantar nemnte at det er viktig å gi ungdommen tilstrekkeleg informasjon om kvifor miljøterapeutane gjer som dei gjer, kvifor reglane er slik dei er og ikkje minst gi ungdommen anledning til å trygt kunne uttrykke sin meining, sine behov og sine ønsker. Å kunne medverke på denne måten kan gi ungdommen ei kjensle av makt og styring av eige liv, og dermed redusere kjensla av avmakt hjå ungdommen (Olsen et al., 2019, s. 27-28). Som nemnt tidlegare, så er ein god relasjon eit godt utgangspunkt for at ungdommen kan gi beskjed når den kjenner på til dømes avmakt. Desto tryggare ungdommen kjenner seg til å kunne seie ifrå, jo tryggare kan den kjenne seg i sjølve relasjonen. Omsorgsansvaret informantane har som skal bidra til ei positiv utvikling hjå ungdommen, heng òg saman med myndiggjering (Olsen et al., 2019, s. 16). Å få ungdommane sjølvstendige og sjølvhjulpne på sikt, er eit av grunnprinsippa i myndiggjering. Informantane påpeika at endringsarbeidet fungerer best dersom ungdommen får medverke og at dette kan bidra til at ungdommen kjenner eigarskap til si eiga utvikling, noko som kan redusere kjensla av avmakt. At ungdommane kan medverke til endringsarbeidet slik at dei blir meir sjølvhjulpne, er dermed svært viktig i miljøterapi, og ein god terapeutisk relasjon kan vere ein av dei viktigaste faktorane for å få til dette.

## **5.4 Kunnskap er makt**

Alle informantane var svært bevisste på kva lover og reglar som styrer kva dei har lov og ikkje lov til å gjere i arbeidet som miljøterapeut. Dei nemnte spesifikt barnevernsloven §§ 10-3 og 10-7, som omhandlar kva tid det er lov å nytte fysisk makt og tvang for å unngå skade på person eller eigedom (Barnevernsloven, 2023, §§ 10-3 og 10-7). Eg tolkar dette som at det er viktig å ha kjennskap til og kunnskap om lovene som styrer arbeidet på barnevernsinstitusjonar, og at ein til ein kvar tid har desse med seg. Dokumentering av alt ein gjer, særskild når ein er nøydd å utøve tvang og makt, er viktig. Når ein ungdom har oppleve å bli utsatt for fysisk makt eller tvang, skal dette dokumenterast med informasjon om kvifor det vart gjort, kva som vart prøvd først og korleis det gjekk føre seg, inkludert over kor lang tid. Dokumentering av slike hendingar skal ungdommen få tilbod om å gå gjennom og få forklart av ein vaksen, og den skal få informasjon om at den kan klage og at den kan få hjelp til å klage (Barnevernsloven, 2023, § 10-4). For at ungdommen skal kunne bruke si stemme i slike tilfelle, der dei i nokre tilfelle

kan ha kjent ganske sterkt på avmakt, er det heilt essensielt at ungdommen veit kva rettigheter den har.

Steinar hadde oppleve å måtte nytte fysisk tvang og makt i form av å halde ein ungdom fast, og opplevde at dette gjorde relasjonen til ungdommen sterkare. Han meinte det positive utfallet var tilfelle fordi dei hadde ein god relasjon frå før, og han opplevde at ungdommen bekrefta dette då den sa at det var bra det var han som var der då det skjedde. Dette, samt det ungdommen sa om at den ikkje har oppleve å blitt høyrte og sett på den måten før, gjer at eg tolkar det som positiv bruk av makt (Sjøvold, 2016, s. 35-36). Dette fordi intensjonen bak maktbruken var god, nemleg å avverge akutt fare for skade, og resultatane var positive for begge partar. Ein god relasjon verkar å vere heilt essensiell for å kunne utøve meir inngripande formar for makt når det trengst utan at det skal kjennast svært inngripande for ungdommen og føre til ei kjensle av avmakt.

Maktulikskapen i relasjonen mellom terapeut og ungdom styrkast truleg når ungdommane ikkje vert opplyste om eller kjenner til sine juridiske rettigheter. Dette bygger under at det er viktig å avklare makta, som Jakob nemnte (Askheim, 2012, s. 112). Maktulikskap har potensiale til å påverke relasjonen i negativ retning, og difor kan det vere hjelpsam å avklare makta for å bygge ein trygg relasjon. Ei slik avklaring vil òg gjere miljøterapeuten tryggare i relasjonen, sidan begge partar veit kva som er lov og ikkje lov. Derav vert det tydeleggjort kva roller ein har og vidare kva forventningar det er til kvar av dei i relasjonen og i det terapeutiske arbeidet. At begge partane kjenner seg trygge er eit godt grunnlag for å danne ein god relasjon.

## **5.5 Endelege refleksjonar kring intervju**

Undervegs i intervju opplevde eg eit behov for å klarifisere kva informantane la i uttrykket «god relasjon», og tenkte at dette skulle ha vore eit spørsmål i intervjuguiden. Sidan eg ved hjelp av oppfølgingsspørsmål kunne spør kva dei meinte rundt dette, fekk eg likevel svar på det. På denne måten var det svært nyttig å ha halvstrukturete intervju, slik at eg kunne få denne informasjonen frå alle informantane, sjølv om eg gløymte å ha det med i intervjuguiden.



## 6 Avslutning

I denne oppgåva har eg belyst problemstillinga: *Korleis påverkar maktforhold den terapeutiske relasjonen mellom miljøterapeuten og ungdommen?* For å prøve å svare på denne problemstillinga, gjennomførte eg halvstruktureerte kvalitative intervju av tre miljøterapeutar på ein barnevernsinstitusjon kring dette. Eg samanfatta og presenterte funna i fire tema som eg opplevde gjekk igjen i svara til informantane, nemleg det personlege aspektet, omsorgsansvar, brukarmedverknad og lovverk. Deretter drøfta eg desse funna i lys av relevant teori og la fram mi tolking av det. Eg opplev at funna og resultatata frå dette prosjektet tyder på ein gjensidig påverknad mellom makt og relasjon. Med dette meiner eg at kvaliteten på hjelperelasjonen i stor grad vil kunne påverke kjensla av avmakt hjå ungdommen, moglegvis like mykje som kjensla av avmakt hjå ungdommen vil kunne påverke kvaliteten på hjelperelasjonen.

Eg skulle gjerne hatt lenger tid til dette prosjektet, samt fleire spørsmål og ikkje minst fleire informantar, for å få meir data å analysere og dermed moglegheit for meir detaljerte resultat. På same tid tenkjer eg at dette prosjektet kan bidra til ei betre forståing av korleis makt påverkar hjelperelasjonar, noko eg tenkjer det er viktig å vere bevisst på og ha kunnskap om. I tillegg kan prosjektet bidra til at det forskast vidare på området, som eg meiner er viktig for sosialt arbeid.

I miljøterapi på barnevernsinstitusjonar skal alt som har vore diskutert i dette prosjektet, med meir, balanserast slik at ungdommar opplev det som trygt å vere på barnevernsinstitusjonar og har ein positiv utvikling til eit så sjølvstendig liv som mogleg som deltakande vaksne i samfunnet. Dette gjer rolla som miljøterapeut ganske kompleks. Eg tenkjer at kunnskap om dei ulike aspekta ved rolla er viktig for å betre kunne forstå korleis vi kan hjelpe ungdommar på best mogleg måte. Makt er eit av desse viktige aspekta som eg tenkjer vi treng meir informasjon om, slik at vi betre kan forstå korleis maktforholda påverkar miljøterapeuten, ungdommen og relasjonen dei imellom. Desto betre vi forstår hjelperelasjonen og korleis vi kan gjere den så god og trygg som mogleg, jo betre hjelperarar tenkjer eg at vi kan vere som sosialarbeidarar. Desto betre hjelperarar vi kan vere, jo betre hjelp kan vi gi til medlemma i samfunnet vårt, og det er trass alt det sosialt arbeid handlar om.

## 7 Litteraturliste

- Askheim, O. P.** (2012). *Empowerment i helse- og sosialfaglig arbeid: Floskel, styringsverktøy eller frigjøringsstrategi?* Gyldendal Akademisk.
- Barnevernsloven.** (2023). *Lov om barnevern (LOV-2021-06-18-97)*. Lovdata. [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97#KAPITTEL\\_10](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97#KAPITTEL_10)
- Berg, B., Ellingsen, I. T., Levin, I. & Kleppe, L. C.** (2015). Hva er sosialt arbeid? I I. T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (s. 19-35). Universitetsforlaget.
- Brottveit, G.** (2018a). Hermeneutikk og vitenskap. I G. Brottveit (Red.), *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: Om å arbeide forskningsrelatert* (s. 32-45). Gyldendal Akademisk.
- Brottveit, G.** (2018b). Om forskningsdesign. I G. Brottveit (Red.), *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: Om å arbeide forskningsrelatert* (s. 62-73). Gyldendal Akademisk.
- Brottveit, G.** (2018c). Den kvalitative forskningsprosessen og kvalitative forskningsmetoder. I G. Brottveit (Red.), *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: Om å arbeide forskningsrelatert* (s. 84-106). Gyldendal Akademisk.
- Brottveit, G.** (2018d). Analyse av kvalitative materialer i et vitenskapsteoretisk perspektiv. I G. Brottveit (Red.), *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: Om å arbeide forskningsrelatert* (s. 129-154). Gyldendal Akademisk.
- De nasjonale forskningsetiske komiteene** (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora* (5. utg.). Forskningsetikk.no. <https://www.forskningsetikk.no/globalassets/dokumenter/4-publikasjoner-som-pdf/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora>
- Engelstad, F.** (2005). *Hva er makt?* Universitetsforlaget.

- Fellesorganisasjonen** (u.å.). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere*. Fo.no.  
<https://www.fo.no/getfile.php/1311735-1585635696/Dokumenter/Din%20profesjon/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>
- Isdal, P.** (2018). *Meningen med volden* (2. utg.). Kommuneforlaget.
- Leraand, C.** (2018). Å jobbe i team er godt relasjonsarbeid. I J. V. Strømstad, A. B. E. Torbjørnsen & A.-M. K. Aasland (Red.), *Hvem er du? Miljøterapi i relasjoner* (2. utg.) (s. 50-80). Hertervig Forlag Akademisk.
- Levin, I. & Ellingsen, I. T.** (2015). Relasjoner i sosialt arbeid. I I. T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg, L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (s. 112-124). Universitetsforlaget.
- Olsen, T., Tesfai, A. & Lorentsson, A.** (2019). *Unge og medvirkning: Maktbruk for nybegynnere*. Universitetsforlaget.
- Paulsen, V.** (2022). *Barn og unges medvirkning i barnevernet*. Gyldendal Akademisk.
- Rowlands, J.** (1997). *Questioning Empowerment: Working With Women in Honduras*. Oxfam.
- Røkenes, O. H. & Hanssen, P.-H.** (2012). *Bære eller bryte: Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker* (3. utg.). Fagbokforlaget.
- Sikt** (u.å.). *Personvernstjenester for forskning*. Sikt.no.  
<https://sikt.no/tjenester/personverntjenester-forskning>
- Sjøvold, E.** (2016). *Makt og maktmisbruk i arbeidslivet*. Universitetsforlaget.
- Skau, G. M.** (2016). *Mellom makt og hjelp: Om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper* (4. utg.). Universitetsforlaget.
- Weber, M.** (2000). *Makt og byråkrati* (3. utg.). Gyldendal.

## 8 Vedlegg

### 8.1 Informasjonsskriv

Dette er ei førespurnad om du ønsker å delta som informant til mi bacheloroppgåve i Sosialt Arbeid ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal, ved å stille som informant til intervju.

#### Føremål

Som miljøterapeut har ein ein samansett og kompleks rolle. Relasjonsbygging og gode relasjonar er ein viktig del av miljøterapi, og på same tid har ein miljøterapeut mykje makt i forhold til ungdommen. Føremålet med bacheloroppgåva er å undersøke kor bevisst miljøterapeutar er maktforhold i relasjonen med ungdom på barnevernsinstitusjon, og korleis dette påverkar relasjonen.

#### Problemstillinga mi er:

*Korleis påverkar maktforhold den terapeutiske relasjonen mellom miljøterapeut og ungdom?*

#### Rettleiar

Rettleiaren min på bacheloroppgåva er høgskulelektor [Rettleiar], med kontaktinfo:

E-post: [epostadresse]  
Tlf.: [telefonnummer]  
Besøksadresse: [adresse]

#### Kva inneber det for deg å delta?

Metoden i denne oppgåva er kvalitativ forskingsmetode med kvalitative intervju, òg kalla djupneintervju. Dersom du ønsker å bidra til prosjektet, innebærer det deltaking i form av eit intervju.

Intervjuet vil vare i ca. ein halvtime og vil innehalde spørsmål om dine tankar om og erfaringar med makt i relasjonsarbeidet med ungdom som miljøterapeut.

#### Bruk av dataa

Dataa som vert samla inn under intervjuet, skal nyttast til å svare på problemstillinga mi. Dette vil eg gjere ved å tolke svara dine og sjå på dei i lys av relevant teori på området.

## **Det er frivillig å delta**

Det er sjølvsagt heilt frivillig å delta i prosjektet.

Dersom du vel å delta, så kan du trekke deg til einkvar tid utan å oppgi grunn. Då vil all informasjon frå intervjuet bli sletta.

## **Ditt personvern**

All informasjon i oppgåva vil vere anonymisert, slik at det ikkje vil kunne vere mogleg å identifisere deg. Dette prosjektet er ikkje meldepliktig til Sikt, ettersom eg ikkje skal samle inn personopplysingar.

Notatar frå intervjuet vil bli oppbevart utilgjengeleg for andre.

## **Hva skjer med opplysingane etterpå?**

Notata frå intervjuet makulerast og slettast når oppgåva er levert og godkjent.

Oppgåva skal leverast 15. mai 2023, og deretter er det tre veker sensurtid.

Det er mogleg at denne oppgåva vert publisert i etterkant.

## **Vil du vite meir?**

Dersom du har spørsmål til oppgåva eller ønsker meir informasjon, ta gjerne kontakt:

[Kandidat]

Tlf: [telefonnummer]

E-post: [epostadresse]

Med venleg helsing

[Kandidaten]

## 8.2 Samtykkeerklæring

Har du fått tilstrekkeleg informasjon om:

- Føremålet med oppgåva og kva det inneber å stille?
- Kva som vil skje med dataa som vert samla inn, og at prosjektet ikkje er meldepliktig til Sikt?
- At du kan trekke tilbake samtykket ditt når som helst utan å oppgi grunn?

**Samtykker du til å stille som informant til intervju til [Kandidaten] sin bacheloroppgåve i Sosialt Arbeid ved Høgskulen på Vestlandet?**

Dersom du har spørsmål til oppgåva eller ønsker meir informasjon, ta gjerne kontakt:

[Kandidat]

Tlf: [telefonnummer]

E-post: [epostadresse]

Med venleg helsing

[Kandidat]

### 8.3 Intervjuguide

#### Informasjon:

*Målet med dette intervjuet er å samle inn data til ei bacheloroppgåve eg skal skrive om korleis utdanna sosionomar og barnevernspedagogar som arbeider som miljøterapeutar på barnevernsinstitusjonar, opplev at maktforhold påverkar den terapeutiske relasjonen mellom seg sjølv og ungdommen. Eg vil først stille nokre bakgrunnsspørsmål, deretter gå i djupna på maktforhold i relasjonen.*

1. Kor lenge har du arbeida som sosionom/barnevernspedagog?
2. Kor lenge har du arbeida på barnevernsinstitusjon?
3. Kor viktig opplev du at ein god relasjon med ungdommen er i ditt arbeid?
4. Kva betyr omgrepet «makt» for deg som sosionom/barnevernspedagog og miljøterapeut?
5. Ser du på maktbalansen mellom deg og ungdommen som balansert eller ubalansert?  
Oppfølgingsspørsmål:
  - Korleis og kvifor?
  - Kva tenkjer du er grunnen til at det er slik?
6. Opplev du maktforholda som tilslørte eller synlege i relasjonen?  
Oppfølgingsspørsmål:
  - Korleis og kvifor?
  - Kva tenkjer du er grunnen til at det er slik?
7. Korleis opplev du at maktforhold mellom deg som miljøterapeut og ungdommen påverkar relasjonen dykkar?
  - Har maktforhold skapa noko særleg utfordring når det kjem til relasjon med ungdommen for deg?
    - Evt kva og korleis?
8. Er det noko du bevisst gjer for å redusere moglegheita for maktmisbruk overfor ungdommen på barnevernsinstitusjonen?
  - Evt. kva?